



Vang kommune

Landbruk/teknisk etat

Høyringspartar

Dykkar ref.:

Vår ref.:

LEIKAR -19/744 -1

Arkiv:

L32

Vår dato:


17.01.2020

Vegnamn i nye Ryfoss bustadfelt til høyring

I møte 17.01.2020 hadde stadnamnemnda i Vang oppe alternative forslag til vegnamn i nye Ryfoss bustadfelt. Ei gruppe med ansvar for marknadsføring av bustadfeltet har hatt ein idédugnad på Facebook i desember og levert sine forslag til nemnda.

Det er i denne omgang aktuelt å tildele eitt vegnamn og det er semje mellom stadnamnemnda og marknadsføringsgruppa om å legge vegnamnet Føssellie ut på høyring fram til 10.02.2020. Merknader kan sendast til Vang kommune v/ stadnamnemnda, Tynvegen 5161, 2975 Vang, eller til Stadnamnemnda i Vang på epost post@vang.kommune.no

Den nye vegen Føssellie er ein blindveg frå Føssesvingen, som frå før også har avkøyring til blindvegen Føsssegøta. Same førestaving for desse tre vegane understekar at dei ligg i same område – i Føsse. Føssellie er ikkje eit avleia gardsnamn og kommunen har vedtaksmynde for skrivemåten av vegnamn.



For stadnamnemnda i Vang
Kari Birgit Lien (sign,)